

Turleiar i Den Norske Klubben på Gran Canaria.

03.03.2017



Med Leif Magne Framnes som turleiar i Den Norske Klubben på Gran Canaria, her på tur mot Norskeplassen.

På tur til Gran Canaria fekk Uskedalen.no møta Laila og Leif Magne Framnes som deler av året bur i Puerto Rico og er aktive medlemer i Den Norske Klubben. Leif Magne er ein av mange turleiarar og Laila er m.a. medlem i valnemnda. Kvar sundag og onsdag vert det arrangert fjellturar med etterfylgjande sosialt samvære. Vi fekk vera med på sundagsturen frå Puerto Rico, opp Nydalen til Norskeplassen og retur med innlagt bosplukking langs ruta til sentrum.

Dei kanariske øyane er eit populært reisemål for nordmenn, særleg i vinterhalvåret. I 2016 kom heile 340000 norske reisande til desse øyane. I høve til folketal toppar Noreg denne lista. I reelle tal kjem Noreg sjølv sagt bak folkerike nasjonar som Storbritannia, Tyskland og Frankrike.



På Gran Canaria sør finn vi dei fleste norske tilreisande, i område Las Palomas, Arguineguin, Puerto Rico og Puerto Mogan. Bilete syner Lyngsenteret på Anfi.

Den Norske Klubben er ein medlemsklubb som tilbyr tenester og aktivitetar for skandinavar, anten ein er fastbuande eller er her for kortare eller lengre tid. Målet er ein sosial klubb for kontakt og samvære, men og for å fremja kjennskap om lokal kultur og folk. Klubben har fast kontor og møtelokale i Arguineguin. Klubben har eit nært samarbeid med Sjømannskyrkja, mellom i arbeidet med eige songkor.

Turgruppa er berre ei av mange aktivitetsgrupper. Av andre aktiviteter nemner vi: Boccia, strandgym, handarbeidsgruppe, spanskundervining, og kor. Det vert skipa til utflykter til andre deler av øya. Klubben har eige medlemsblad og nærradiostasjon..

På fyrstkomande sundag går den årlege Miljømarsjen av stabelen. Det er eit stort arrangement i samarbeid med lokale myndigheter og Norges Turmarsjforbund. Det vert lagt opp til ei fjellrute på 12 km og ei Kystrute på 8 km. Samlingsplassen er Plaza Pino Seco i Arguineguin der det vert servert mat og drikke.

Laila og Leif Magne Framnes er snart på reise til Uskedalen. Den beste plassen i sommarhalvåret er heimplassen på Rød og i Beinavikjo.

For den som vil lesa meir om Den Norske Klubben og turen til Norskeplassen syner vi til dobbel sides reportasje i Bergens Tidende fredag 3. mars.

I neste reisebrev frå Gran Canaria vil vi vera med Marit Langballe på fjell- og blometur frå Tasarte til Mogan.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Laila og Leif Magne Framnes er aktive medlemer i Den norske Klubben.